



siv. ing. **Vidar Mjøs**

Fabrikkgaten 7B, 5059 BERGEN

Tlf. 55 59 82 62 faks 55 59 82 57

vidar-mj@online.no

Radøy kommune
5936 MANGER

postmottak@radoy.kommune.no

19. november 2014

Plansak 12602010000300 - Fløholmen. Dialog.

Eg viser til brev frå Radøy kommune datert 14. 11. 2014, og brev frå Statens vegvesen datert 17. 11. 2014.

Begge breva vert lagt ved dette svarbrevet som vert sendt som vedlegg til epost der både Fløholmen AS v Håkon Zachariassen og ordførar og rådmann er kopiadressatar.

I følgje medieoppslag relatert til denne saka tilrår ordføraren *dialog*.

På denne bakgrunn tillet eg meg å oppmoda ordføraren å ta initiativ til ein dialog mellom *kommunen og vegvesenet*, basert på følgjande føresetnader :

- dialogen skal inngå i ein planprosess, og må såleis dokumenterast skriftleg til liks med annan relevant informasjon i slike forvaltningssaker
- det er *kommunen* som er planstyresmakt. Også vegvesenet må retta seg etter gjeldande lovverk
- etter plan- og bygningslova av 2008 er det to slags reguleringsplanar : detaljplanar (private) og områdeplanar (offentlege).

Vegvesenet nemner friluftsområdet (Byngja).

I denne samanheng viser eg til vedlagde epostkorrespondanse med kommunen, som svara slik 29. 04. 2014 :

Det ligg ikkje føre motsegn på planen. Det kan det ikkje gjere når den ikkje har vore på høyring. Skal den på høyring må vegarealet med innafor plangrensa og regulerast. Det er ikkje satt rekkjefølgjekrav til opparbeiding av vegutbetring/fortau. Turvegen som du skisserer kan veldig gjerne komme som eit supplement, men kan no ikkje koplatt til pågåande reguleringsplan for Fløholmen. I så fall må de regulere den og.

Med helsing

Vedlegg (3)

Kopi : Fløholmen AS, 5937 BØVÅGEN, v Håkon Zachariassen, post@floholmen.no